



## Ny stortingsmelding om avfallspolitikken

IHM ynskjer påverknad slik at ressursane  
kan kome lokalsamfunnet til gode

Sjå side 2



### IHM overtek innkrevjing av renovasjonsgebyr

Kva vil det seie for deg?

Sjå side 2



### Jordbrukskulen går nye vegar

Med klima, energi og miljø  
på timeplanen

Sjå side 3



## Leiaren

Kåre Flatlandsmo  
kaare@ihm.no

### Stortingsmelding om avfallspolitikken

Regjeringa skal leggje fram ei ny melding til Stortinget om avfallspolitikken. Slikt skjer om lag kvart tiande år og er dermed ikkje kvardagskost. Og det er sjølvstakt knytt forventningar til den nye meldinga, er det mogeleg å få gjennomslag for eigne synspunkt og er det mogeleg å påverke retninga i den framtidige avfallspolitikken?

Miljøverndepartementet (MD) har i brev til Klima- og forurensingsdirektoratet (Klif) skissert nokre hovudpunkt dei ønskjer det skal leggast vekt på i den nye meldinga. Først og fremst er det betre handsaming og utnytting av avfallet, men også forebyggjing av vekst i avfallsmengdene. Vidare seier MD at det vil vere fokus på avfall sett opp mot ressurs-

effektivitet, kretsløpstankegang og målet om gjenvinningsamfunnet. Avfallsfeltet skal i større grad sjåast som ein del av, og i samheng med, ressurs- og klimapolitikken. Internasjonalt arbeid innan avfallsfeltet vil vere sentralt i stortingsmeldinga, og det vil serleg vere naturleg å sjå norsk politikk i samheng med utviklinga i EU sin avfallspolitik.

Dette er eit godt utgangspunkt for den nye meldinga, og gode signal for IHM. Best mogeleg utnytting av ressursane i avfallet har alltid vore førande for dei løysingar som IHM har valt. Men det er likevel grunn til å vere aldri så lite skeptiske. Klif har også tidlegare fått oppgåver av MD om å utgreie gode miljøtiltak, men resultatet har vorte så som så. Innan avfallssektoren har Klif vore førande for den særnorske tankegangen om at restavfall kun skal brennast. Det er ikkje noko god utnytting av ressursane i avfallet. Saman med fleire andre avfallselskap i landet slit IHM med å vinne forståing for at det finst alternative løysingar som nettopp tek vare på ressursane og som kan kome lokalsamfunnet til gode. I mange EU-land er dette godt dokumenterte metodar som er teke i bruk. Med Klif i førarsetet er Norge i

ferd med å verte ei miljøsinke også innan deler av avfallsfeltet, og dei som ønskjer ei utvikling på naturressursane og miljøet sine vilkår må håpe på drahjelp frå EU for å vinne fram. Kven hadde trudd det for berre nokre få år sidan?



Best mogeleg utnyttig av ressursane i avfallet har alltid vore førande for dei løysingar IHM har valt. Her opnar styreleiar i IHM, Solfrid Borge, den nye miljøstasjonen på Voss med von om ennå betre kjeldesortering og nøgde brukarar.

## Voss og Ullensvang: Utsending av renovasjonsgebyr frå IHM

Voss kommune har bestemt at frå 01.09. 2011 skal Indre Hordaland Miljøverk overta innkrevjing av renovasjonsgebyr, på vegne av kommunen.

Ullensvang herad har bestemt at frå 2012 skal Indre Hordaland Miljøverk overta innkrevjing av renovasjonsgebyr, på vegne av heradet.



Marianne Bakkan, Ulvik er tilsett i samband med at IHM tek over fakturering og oppfølging av renovasjonsgebyr frå kommunane.

### – Kva vil dette bety for deg som abonnent?

- Faktura for renovasjonsgebyr vil kome på eiga rekning frå IHM.
- Faktura for 3. termin 2011 for abonnentar i Voss kommune vert sendt ut i månadsskiftet november/desember.
- For 2012 vert det utsending to gonger pr. år, mars og september, med forfall rundt 20. april og 20. oktober.
- Dersom du har spørsmål til rekninga, abonnementet ditt o.l., må du ta kontakt med oss på IHM.
- Melding om nye abonnement, endring av abonnement, eigarskifte, søknad om fritak etc. må sendast til IHM. Søknadsskjema/meldingsskjema finn du på heimesida vår [www.ihm.no](http://www.ihm.no).

Vi vil gjere vårt beste for at opplysningane i abonnementsregisteret vårt vert så rette som mogeleg, men vi gjer merksame på at det likevel kan snike seg inn feil i fyrstninga. Vi vil difor be deg sjekke fakturaen nøye og gje oss tilbakemelding dersom noko ikkje stemmer.

# Nytt og spennande opplæringstilbod på Voss!

Voss jordbruksskule vil frå skuleåret 2012 starta opp eit nytt og unikt studium for elevar på vidaregåande skule som ynskjer ei utdanning innanfor fagfelta klima, energi og miljø.

Det 3-årige utdanningstilbodet vert gjort i nært samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk, Voss Energi, og Geofysisk institutt ved Universitet i Bergen. Utdanninga gjev spesiell studiekompetanse til dei fleste naturvitenskaplege studiar og vil vera ein spennande



og moderne veg til høgare utdanning, og vidare til mange allsidige yrkesval.

KEM – Klima Energi og Miljø ved Voss jordbruksskule får teoretisk og praktisk realfagsprofil med feltøvingar, opplæring i små grupper og tett oppfølging av lærar. Dette vert ei unik samansetning av teori og praktisk arbeid; yrkesretting av realfaga, og ei utdanning heilt i tråd med nasjonale satsingsområde.

IHM er med på dette for å auka interessa for tverrfaglege problemstillingar innan fagfelta, og å bidra til oppbygging av verdifullt kompetansemiljø, også innan IHM sine fagmiljø. På lengre sikt kan dette m.a. føre til auka rekruttering til lokale verksemdar og nye arbeidsplassar i regionen.


Les meir på [www.voj.no](http://www.voj.no) eller kontakt skulen på [voj@post.hfk.no](mailto:voj@post.hfk.no).

## Visste du at ...

- Du kan tinge nytt abonnement eller gjere endringar på [www.ihm.no](http://www.ihm.no). Du kan og få tilsendt endringsskjema i posten, og få informasjon om ordninga dersom du kontaktar oss på tlf. 56 52 99 00
- Du vel sjølv kva abonnement som høver for deg: småhushald, normalhushald eller storhushald; med og utan kompostering. Abonnementstype er ikkje bestemt av talet på personar i husstanden, men sjølvstilt er det enklare å sortere seg til eit småhushaldsabonnement for ein liten familie enn for ein stor familie. Er du flink til å sortere, kan du redusere ditt eige renovasjonsgebyr. Slik sparer du både miljøet og lommeboka
- Over halvparten av abonnentane i IHM har småhushald
- I 2009 kasta gjennomsnittsnordmannen 420 kilo bos. Det er omtrent 80 % meir enn for 20 år sidan
- Gjenvinning i Noreg fører til reduksjon i dei norske klimagassutsleppa med 6–7 prosent  
Samfunnspeilet nr. 4 SSB 2008
- Eit klistremerke på postkassa er nok til å stoppe uønska reklame. Klistremerke kan du få ved å kontakte IHM

For fullstendig sorteringsoversikt, sjå [www.ihm.no](http://www.ihm.no), eller ting sorteringsguide på [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no)

## Korleis skal du plassera dunken?



- Dunken på høgre side av køyre-retninga til bilen, og lokopninga fram mot vegen. Sjå grøn pil på loket som er sett på dei fleste dunkane
- Dunkar med same avfallstype står parvis. Dunken som er "til overs" står for seg sjølv
- Avstanden mellom para er slik at ein kan gå imellom para
- Der det kun står ein av kvar dunk, er avstanden slik at ein kan gå imellom dunkane
- Dunken er plassert med avstand til mur, gjerde, stolpar og liknande
- Hent dunken inn att snarast råd etter tømning

# Rein oppleving

IHM - på naturen si side

## Opningstider for miljøstasjonane i IHM- regionen

Kommune	Miljøstasjon	Opningstid
Eidfjord	Simadalen	Tors 12.00 - 18.00
Granvin	Røystrand	Ons 12.00 - 17.45
Jondal	Pineskår	Tors 12.00 - 18.00
Ullensvang	Husemoen	Tors 12.00 - 18.00
	Øyjordet	Mån 12.00 - 18.00
Ulvik	Holmen	Tys 12.00 - 18.00
Voss	IHM, Bjørkemoen 60	Mån - ons og fre: 08.00 - 15.30, tors 08.00 - 18.00

Sjå [www.ihm.no](http://www.ihm.no) eller lysing i lokalavisa for opningstider i jula

## Glas- og metallemballasje

OBS! - Ikkje alt glas kan gå til gjenvinning!

Når du leverer glas- og metallemballasje frå mat og drikkevarer til gjenvinning, gjer du ein miljøinnsats. Dette vert råstoff til nye produkt som flasker, syltetøyglas, hermetikkboksar og liknande. Men hugs at produkt som *peisglas*, *ildfaste former*, *keramikk*, *porselen*, *krystall* og *speglar* ikkje kan gjenvinnast! Slike produkt har høgre smeltetemperatur enn emballasjeglase og øydelegg råvara dersom dei hamnar i returpunkt for glas- og metallemballasje. Kast difor slike produkt i restavfallet!



IHM ynskjer alle abonnentar ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Mange produkt inneheld miljøgifter og helseskadelege stoff. Sjå [www.grønnhverdag.no](http://www.grønnhverdag.no), [www.ecolabel.no](http://www.ecolabel.no) og [www.erdetfarlig.no](http://www.erdetfarlig.no) for gode råd før jolehandelen.

Indre Hordaland Miljøverk er eit interkommunalt avfallsselskap. IHM arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE

Redaksjon:  
Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar  
Helen K. Søybye, kontorleiar  
Gunnar Bråten, driftsleiar  
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Kontakt:  
Adresse: Postboks 161, 5701 Voss  
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss  
Heimeside: [www.ihm.no](http://www.ihm.no)  
Telefon: 56 52 99 00

Telefax: 56 52 99 01  
E-post: [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no)

